



Austleg bloddråpesvermar (*Zygaena osterodensis*)

Austleg bloddråpesvermar er i Noreg berre funnen på tre stader. Ein av desse er i Aurland. Den er og sjelden og lokal i heile Skandinavia. Namnet "bloddråpesvermar" har den fått av dei vakre raude teikningane den har på vingane. Arten lever på planten gulskolm, og den er trua av omleggingar i jordbruket som fører til gjengroing eller overgjødsling av gamle blomsterenger. Arten er difor oppført i raudlista som "sterkt trua".

COUNTDOWN
2010
SAVE BIODIVERSITY

Kjære ordfører Olav J. Ellingsen i Aurland kommune!

Austleg bloddråpesvermar som du ser bilete av på dette kortet er ein trua art og den står difor på Norsk Raudliste. Austleg bloddråpesvermar har leveområde i din kommune. Takk for innsatsen for å ta vare på naturmangfaldet i kommunen din så langt!

Verda missar plante- og dyreartar raskare enn nokon gong. Rundt 2000 artar står i fare for å forsvinne frå norsk natur, blant anna fordi vi øydelegg leveområda deira. Noreg har som mål å stanse tapet av naturen sitt mangfald innan 2010. Å ta vare på artar og naturtypar er ikkje ein jobb eg kan gjere aleine – eg trenger di og kommunen si hjelp for å nå målet.

I samband med dette har eg vald ein art for kvar kommune som eg håpar de vil vere spesielt merksame på. Arten eg har vald kan stå som døme på kommunen sitt naturmangfald. Den er ein representant for det rike naturmangfaldet vi må stå saman om for å ta vare på.

På www.dirnat.no/kommunearter finn du meir informasjon om din kommune sin spesielle art, og tips om korleis de kan ta vare på den.

Med vennleg helsing

Erik Solheim

Miljø- og utviklingsminister

